



ÅRSMELDING

for 2017

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn

Hovudsamarbeidspartner 2017:





Tillitsverv 2017

Sandsøy Idrettslag har i 2017 bestått av hovudstyre, trimgruppe, fotballgruppe, banenemnd, kiosknemnd, valkomité, rekneskapsførar og revisorar.

Det har vore totalt 27 tillitsverv, fordelt på 21 personar, der 9 av desse er kvinner og 12 er menn. Av dei 27 verva, er 11 dekt av kvinner og 16 av menn. I tillegg er eitt 'verv' ein innkjøpt teneste; Sande Rekneskap AS.

Hovudstyre:

Leiar: Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar: Endre Vorren
Sekretær: Sylvia Baade
Kasserar: Svein Helge Bringsvor
Styremedlem: Knut Olav Skare
Vara: Gunnhild Bringsvor
Vara: Bjørn Voksøy

Undergrupper og nemnder:

Leiar, banenemnd: Arnvald Bringsvor
Leiar, kiosknemnd: Anne Bjørg Bringsvor
Leiar, trimgruppa: Anders Bringsvor
Leiar, fotballgruppa: Svein Helge Bringsvor

Valkomité: Jorunn Worren, Vidar Waage, Solgunn R. Våge
(Rekneskapsførar: Sande Rekneskap AS)
Revisorar: Jan Bugge, Anna Kirsti Skare

Viser til liste over tillitsverv for fullstendig oversikt.

Styret sitt arbeid

Det er siste året halde 4 styremøte.

Aktivitet i idrettslaget

Arrangement vi har hatt:

Sjutoppsturen: Langfredag 2017. 556 deltakarar. Strålende ver og god deltaking. 35 personar deltok i konkurranseklassa. Liten nedgang frå 2016. I mosjonsklassa var det 521 deltakarar.

Fotball: SIL har hatt to lag i sving i år. G10 og J14. Begge desse to laga har vore samarbeidslag med Kvamsøy. G14 var og påmeldt men trekte seg på grunn av manglande folk før sesongstart. J14 kom på andreplass etter endt sesong, berre slått av Hødd 2. Gutar 10 har vore med på ulike turneringar og cupar. Elles hadde SIL nokre spelarar på Larsnes IL: Agathe,



Esther, Ivar og Torbjørn spelte på diverse lag der. Juliane har i 2017 delteke på sonesamlingar og har no i 2018 blitt teken ut på Sunnmøre kretslag J14.

Arthur-helga: SIL var med å arrangere fellesarrangementet Arthur-helg. Mange folk på øya deltok på dugnad og det vart litt pengar til kvart av laga som var med. Det er bra.

Fotballkveldar: SIL i regi av Eirik Voksøy Bringsvor har arrangert to fotballkveldar. Desse vart arrangert i juni-juli. Kjekt tiltak og bra oppmøte av både lokale heltar og feriegjestar.

Nissemarsj 26/12. Ruta gjekk rundt Myrevegen. 30 deltakar var med. Det vart servert peparkaker, mandarin og gløgg til deltakarane på trimrommet etter fullført marsj. Sosialt og kjekt tiltak.

Trimrom: I fjor hadde treningsstudioet vårt 763 besøkande. Det er bra!

Trimpostar: Oppteljing av trimbøkene for 2017 viser at folket på Sandsøya og Voksa er svært aktive ute i naturen! Trass i ein ørliten nedgang frå 2016, vart det i fjor registrert smått utrulege 13 913 besøk fordelt på dei elleve postane.

Løpskonkurransar 2017:

Eirik: Har vore med på 16 løp av ulikt slag. Tre førsteplassar, inkludert Sjutoppsturen, éin andreplass, og tre tredjeplassar. Vart nummer 22 i løpet med NM-status (Kvasshovden Opp i Ulvik), og nummer 27 på Skåla Opp i Loen. Desse to løpa var dei med tøffast startfelt. Vil også trekke fram tredjeplassane frå Blåfelden Rett Opp i Syvde, og Trollenykjen Opp på Nordfjordeid – dette var gode prestasjonar!

Anders: Har vore med på 13 løp av ulike slag. Beste plasseringar er to fjerdeplassar : Moltustranda Mosjonsfestival og Troda Opp.

Medlemsmasse

Medlemstal for 2016

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år +	Totalt
Kvinner	0	3	9	3	33	48
Menn	1	5	9	3	31	49
Totalt	1	8	18	6	64	97

Medlemstal for 2017

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	Totalt
Kvinner		3	8	3	32	46
Menn	1	3	5		25	34
Totalt	1	6	13	3	57	80



Medlemstalsutvikling 2013-2017

	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	30	27	28	48	46
Menn	35	28	32	49	34
Totalt	65	55	60	97	80

Perioden 2005-2009 var medlemstalet oppe i mellom 80 og 100. Dei siste åra har vi hatt ein nokså stabil medlemsmasse på rundt 60 medlemmer. Den veldige auken i 2016 skuldast treningsstudioet. Skilnaden i pris på abonnent for medlemmer kontra ikkje-medlemmer har gjort at vi har fått mange nye til å skrive seg som medlem i idrettslaget.

Økonomisk status

Viser til *Rekneskap* og *Budsjett* som kjem seinare på saklista.

Sandshamn, 15/1-18

Styret i Sandsøy Idrettslag

Anne Bjørg Bringsvor, leiar

Endre Vorren, nestleiar

Sylvia Baade, sekretær

Svein Helge Bringsvor, kasserar

Knut Olav Skare, styremedlem